

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2026/2331-1

Saksbehandlar

Vegard Bjørnevik

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2026/19	Kommunestyret	19.03.2026

Strategiplan for Plan og Byggesak

Innstilling frå Ordførar:

Kommunestyret i Kvinnherad ønskjer å leggja til rette for ei kontinuerleg, målretta og kunnskapsbasert utvikling av plan- og byggjesaksarbeidet i kommunen. Kommunestyret ber difor kommunedirektøren leggja fram ei sak som grunnlag for å utarbeida ein strategiplan for avdelinga for plan og byggesak. Strategiplanen skal gi kommunen eit tydeleg retning for vidare utvikling og bidra til at me er eit føredøme innan fagområdet, og det vert lagt opp til at den kan utarbeidast i samarbeid med eksternt fagmiljø.

Kommunestyret vedtek følgjande føringar for arbeidet:

- Strategiplanen skal danne grunnlag for ein handlingsplan med målbare målsetjingar og klare resultatindikatorar.
- Det skal utarbeidast ei serviceerklæring for plan- og byggjesaksavdelinga som byggjer på tilrådingane i strategiplanen, med særleg fokus på kommunikasjon, rettleiing, saksflyt og framdrift.
- Det skal gjennomførast dialog og intervju med relevante eksterne aktørar (private tiltakshavarar, næringsliv og entreprenørar), samt interne fagmiljø.
- Kommunedirektøren blir beden om å leggja fram sak med endeleg mandat, kostnadsramme og framdriftsplan for kommunestyret innan april 2026.
- Kommunestyret legg til grunn at kostnadsramma ikkje skal overstige kr 250 000

Kommunestyret si behandling i møte den 19.03.2026:

NYTT FRAMSETT ENDRINGSFORSLAG FRÅ JOSTEIN SAGHAUG, MDG, ALF JARLE LANGELAND, KRF, OVE LEMICKA, FRP, SILJE NORDTVEIT OLSEN, SV, VERONICA THORKILDSEN THORSEN, SP, PER HARALD H.L. JOHANSEN, AP, MAREN ELISE SKOGSETH, V, GUNNAR HELLELAND, INP OG VEGARD BJØRNEVIK, H:

3. Det skal gjennomførast dialog og intervju med relevante aktørar samt interne fagmiljø. Det skal gjennomførast høg grad av brukarmedverknad frå tilsette, tillitsvalde og brukarar.

BEHANDLING:

Ordføreren si innstilling og nytt endringsforslag til punkt 3 i innstillinga vart einstemmig vedteke.

VEDTAK:

Kommunestyret i Kvinnherad ønskjer å leggja til rette for ei kontinuerleg, målretta og kunnskapsbasert utvikling av plan- og byggjesaksarbeidet i kommunen. Kommunestyret ber difor kommunedirektøren leggja fram ei sak som grunnlag for å utarbeida ein strategiplan for avdelinga for plan og byggesak. Strategiplanen skal gi kommunen eit tydeleg retning for vidare utvikling og bidra til at me er eit føredøme innan fagområdet, og det vert lagt opp til at den kan utarbeidast i samarbeid med eksternt fagmiljø.

Kommunestyret vedtek følgjande føringar for arbeidet:

- 1. Strategiplanen skal danne grunnlag for ein handlingsplan med målbare målsetjingar og klare resultatindikatorar.***
- 2. Det skal utarbeidast ei serviceerklæring for plan- og byggjesaksavdelinga som byggjer på tilrådingane i strategiplanen, med særleg fokus på kommunikasjon, rettleiing, saksflyt og framdrift.***
- 3. Det skal gjennomførast dialog og intervju med relevante aktørar samt interne fagmiljø. Det skal gjennomførast høg grad av brukarmedverknad frå tilsette, tillitsvalde og brukarar.***
- 4. Kommunedirektøren blir beden om å leggja fram sak med endeleg mandat, kostnadsramme og framdriftsplan for kommunestyret innan april 2026.***
- 5. Kommunestyret legg til grunn at kostnadsramma ikkje skal overstige kr 250 000***

Vedlegg:

Samandrag/Saka gjeld:

Plan- og byggjesaksområdet er ein sentral premissleverandør for all samfunnsutvikling i Kvinnherad. Kommunestyret ser det som avgjerande å styrka dette området for å nå dei langsiktige utviklingsmåla, inkludert ambisjonen om 15 000 innbyggjarar innan 2050, slik samfunnsplanen legg opp til.

Utviklinga i byggeaktivitet både nasjonalt og lokalt viser ein markant nedgang, noko som forsterkar behovet for at kommunen sjølv tek meir initiativ for å leggje til rette for bustadbygging, næringsutvikling og god planlegging. Ein strategiplan for avdelinga for plan og byggesak vil vere eit praktisk og målretta verkemiddel for å styrka både kapasitet, kvalitet og servicenivå.

Saka gjeld oppstart av arbeid med ein strategiplan for avdelinga for plan og byggesak. Strategiplanen skal gi føringar for organisering, kvalitet, saksflyt, service, prioriteringar og utviklingstiltak i avdelinga. Arbeidet skal involvere sentrale aktørar innan privat og offentleg sektor og munne ut i konkrete forslag til forbetringar.

Kommunestyret ønskjer å sikre:

- kapasitet og kvalitet i plansaksarbeidet
- effektiv byggjesaksbehandling
- føreseilege prosessar for innbyggjarar og næringsliv
- meir heilskaplege og strategiske arealvurderingar
- styrka samarbeid mellom kommunen og utviklingsaktørar

Dette er avgjerande for å:

- auka byggjeaktiviteten
- sikre tilgjengelege areal for bustader og næringsliv
- styrka Kvinnherad sin attraktivitet som bu- og etableringskommune
- oppnå folketalsmålet i samfunnsplanen

Bakgrunn og politiske vurderingar

Kommunestyret har eit ansvar for å sikre ein kommuneorganisasjon som er rusta for framtida. Den låge byggjeaktiviteten, kombinert med klare vekstmål, krev ei styrking av kommunen si planfaglege rolle.

I dag peiker både næringsliv, tiltakshavarar og kommunens eigne folkevalgde på behov for:

- betre kapasitetsutnytting og prioritering
- meir samordning og koordinering mellom fagavdelingar
- raskare avklaringar i tidleg fase
- klarare brukardialog
- meir tilrettelegging for politisk handlingsrom i saker

Ein strategiplan vil gi kommunestyret eit betre grunnlag for å styra utviklinga av fagområdet og sikre at kommunen tilbyr ei moderne, framtidsretta og profesjonell plan- og byggjesaksteneste

Økonomisk berekraft:

Det vert foreløpig lagt til grunn ei kostnadsramme på inntil kr 250 000 som vert innarbeidd i revidert budsjett.

Miljø og klima berekraft:

Arbeidet med ein strategiplan for plan- og byggjesak vil styrka kommunen sitt miljøarbeid på fleire område.

Sosial berekraft:

Arbeidet med ein strategiplan for plan og byggjesak vil styrka kommunen si evne til å byggja inkluderande, trygge og attraktive lokalsamfunn

Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid:

Strategiplanen for plan- og byggjesak vil direkte støtte opp om Berekraftsmål 17, som handlar om samarbeid, partnerskap og samordning for å nå berekraftige målsetjingar

Konklusjon:

Ordføreren vurderer det slik at ei systematisk og målretta styrking av plan- og byggjesaksområdet er heilt avgjerande for å realisera dei overordna ambisjonane i samfunnsplanen, og for å leggja betre til rette for vekst, utvikling og nye arbeidsplassar i Kvinnherad. Strategiplanen vil gi kommunen ein tydeleg retning, betre arbeidsprosessar og eit meir føreseieleg servicenivå for både innbyggjarar og næringsliv.

Det er vidare ordføreren si vurdering at arbeidet må gjennomførast med brei involvering av relevante aktørar, og innanfor ei moderat og realistisk økonomisk ramme. Med ei kostnadsramme på inntil kr 250 000 vil kommunen kunne gjennomføra eit fagleg solid arbeid utan å leggja unødig press på driftsbudsjettet.

På denne bakgrunn tilrår ordføreren at kommunestyret vedtek å setja i gang arbeidet, og ber kommunedirektøren leggja fram endeleg mandat, framdriftsplan og kostnadsramme innan april, slik at prosessen kan gjennomførast på ein effektiv og transparent måte.
